



NYE MÅTAR: Papirforbruket er på veg ned, vi i den rike delen av verda må vise nye måtar å bruke skog på, meiner Stein Lier-Hansen, adm. dir i Norsk Industri.

Klimakampen gir ny vår til skogen

– Skogen står ved eit vegskilje og skogeigarane må posisjonere seg. Ei ny treforedlingsindustri kan lage heilt nye produkt av biomasse. Og klimakampen gir skogen ein ny vår.

Det meiner Stein Lier-Hansen. Den tidlegare DN-direktøren meiner skog er viktig både for å skape arbeidsplassar og fange CO₂. Men ein må tenkje biomasse og ikkje berre gran og furu.

– Skogen er ein viktig ressurs, det har den alltid vore. Det som er viktig nytt er at skogen er komen inn i den store diskusjonen om reduksjon av klimagassane, seier Lier-Hansen.

Han har bakgrunn som direktør for Direktoratet for naturforvaltning, ein ikkje alltid like populær etat blant skogfolk. Han har vore statssekretær i Miljøverndepartementet for Arbeidarpartiet. No sit han som administrerende direktør i Norsk Industri, ein av NHOs landsforeiningar, med blant anna kraftkrevjande industri som medlemmar. Og han har gått på barrikadane mot avgift på biodrivstoff.

” Og skogeigaren er tent med fleire bein å stå på.

Nye måtar å bruke skog på

Lier-Hansen meiner ein må snakke om meir enn berre skog, ein må snakke om heile biomassen. Og vi må få fram næringsutvikling og god forskning for å bruke skogressursane meir miljøvenleg. Men det går an å tenkje to tankar samtidig, både klima og biologisk mangfald.

– Framtidas treforedling er meir avansert enn den vi har hatt. Tidlegare har det dreia seg om cellulose og papir. Papir blir meir og meir laga av resirkulert materiale, og papirproduksjonen er på veg ned. Vi i den rike verda må vise nye måtar å bruke skog på. Og skogeigaren er tent med fleire bein å stå på, meiner industriens mann.

– *Må skogeigarane ta meir initiativ sjølve?*

– Eg trur det. Dei sit på ein viktig ressurs. Kan biomassen i Tinn gå til varme i Tinn så ser skogeigarane at dei får avkastning og kan stelle skogen.

Han opplyser at i hans barndoms kommune, Tinn, diskuterer skogeigarane om dei kan lage pellets til oppvarming i eigen kommune.

Framtidas treforedling

– Det er ein spennande diskusjon korleis vi kan utvikle skogen, men det er ein meir omfattande diskusjon enn den vi har hatt tradisjonelt, med gran, furu, trelast og cellulose, seier Lier-Hasen.

Han trekkjer fram Borregaard som eksempel. Firmaet var sterkt i vinden i debatten rundt avgift på biodrivstoff i haust. Det er i ferd med utvikle andre generasjon bioetanol og produserer ei rekkje andre produkt av tre, blant anna avanserte biokjemiske produkt.

– Lista er så lang at den sjokkerer, seier Lier-Hansen.

Skogeigarane må posisjonere seg

– *Aktiviteten i skogen har gått ned. Kva seier du til skogeigarane?*

– Næringa står ved eit vegskilje. Ein har vektlagt trevirke og er no i eit vakuum, ein veit ikkje kva framtida vil bringe. Skogeigar-

ane må posisjonere seg. Eg er ikkje i tvil om at skogen blir meir vektlagt i internasjonale forhandlingar, seier Lier-Hansen. Han meiner at på dette området har Norge gjort ein god jobb og vore ein pådrivar internasjonalt.

Lier-Hansen viser til at i Kyotoavtalen har skog vore karakterisert som ”sink” (karbonsluk), noko litt uferdig som ein ikkje brukar. No føler han at den debatten er lagt død og at skogen er ein del av klimaløysinga. No gjeld det å ta ut potensialet og finne korleis ein kan utnytte både den boreale barskogen og det som gror til i kulturlandskapet.

Gran dyrt råstoff

Lokale næringsklynger, lokal utnytting av ressursen, arbeidsplassar, utnytte norsk skog berekraftig er stikkord han kjem med når han snakkar om framtidens skogbruk og -industri.

Og dei brukar heile stokken. – Gran er dyrt råstoff, meiner han, og viser til Borregaard.

– Ein må tenkje på totaliteten. EU koplar biodrivstoff mot pleie av kulturlandskap. Det kan ha gode synergjar med biologisk mangfald. Ein må kunne tenke to tankar samtidig, både klima og mangfald

Treng nasjonale verkemiddel

– *Det er nettopp komen ei ny utredning om klima, Klimakur 2020. Vi har bak oss fleire og Klimakur 2020 skal vere grunnlag for endå ein melding. Er det ikkje snart nok meldingar, treng vi ikkje handling i staden?*

– Eg er for så vidt eining i det. Men dei vi har hatt har gjerne enda opp med verkemiddel på tvers av sektorane, avgift eller kvotar. Nå ser ein kor vanskeleg det er å få til globale avtalar, så trur eg at ein kan kome fram til ei meir jordnær melding med nasjonale verkemiddel, seier Lier Hansen.

Tekst: MARTA KJØLLESDAL
Foto: NORSK INDUSTRI



Mange flotte skrivebidrag

Skog og trebruk er ifølge FN sitt klimapanel IPCC (Intergovernmental Panel on Climate Change) et av de sju viktigste tiltakene mot global oppvarming. Likevel har Skogselskapet i Rogaland inntrykk av at denne viktige rollen som skog og trebruk spiller i klimasammenhengen er lite kjent ute blant folk.

For å sette økt fokus på skogens rolle i klimasammenhengen, ble alle elever ved videregående skoler i Rogaland invitert til skrivekonkurranse. Fristen gikk ut 1. februar, og det har kommet inn mange flotte bidrag. Av uvisst grunn har temaet skog og klima appellert mest til jenter, og om lag 80 prosent av bilagene er skrevet av jenter. Vinnerne vil bli kåret i uke 10, og fire premier på til sammen 10.000 kroner skal deles ut.

Av Anne Frugård

NB!

DnS blir trådløse

Fra og med 15. april blir det ikke mulig å bruke de gamle direktenumrene til oss i Wergelandsveien 23 b. Alle henvendelser må skje til våre mobiltelefoner.

For komplett liste over mobilnummer se www.skogselskapet.no under «ansatte».

Hovednummeret til DnS (23 36 58 50) og faxnummeret (22 60 41 89) vil fremdeles fungere.